LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Solveig Vaage
Vassbygdvegen 1060
5956 HUNDVIN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 03.10.2018 |
| Vår: 18/2031 - 18/30281 | KBJ@lindas.kommune.no | |

# Trong for tilleggsdokumentasjon til dispensasjonssøknad - gbnr 53/1 Grimstad

| | | |
|---|---|---|
| Tiltak: | frådeling | |
| Byggjestad: | Gbnr: 53/1 | Vassbygdvegen 1055 |
| Tiltakshavar: | Solveig Vaage | |
| Ansvarleg søkjar: | | |

Viser til søknad om dispensasjon og frådeling motteken den 03.07.2018.

**Status etter høyring**
Saka vart sendt til kommunale og regionale planstyresmakter til uttale.

**Statens vegvesen**
har komme med positiv uttale.

**Fylkesmannen i Hordaland**
er negativ og peikar på at frådeling vil føra til uheldig oppdeling av bruket, sjå vedlegg.

**Vidare handsaming**
Kommunen skal normalt ikkje gå mot fylkesmannen si tilråding i dispensasjonssaker. For at vi skal kunna legga fram søknaden for Plan- og miljøutvalet med positiv tilråding, må du legga fram ei løysing for tilkomst til teigen ovanfor den nye tomta, som kommunen (og fylkesmannen) kan godta.

**Ta kontakt med Landbruksavdelinga for vidare rettleiing.**

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **innan 25.10.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1.

Sakshandsamingsfristen blir forlenga med den tida det tek å henta inn tilleggsopplysningar og få saka opp til handsaming i plan- og miljøutvalet.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Knut Bjørnevoll<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 53/1 Grimstad
Uttale - Dispensasjon frå kommuneplan - Frådeling av bustad - 53/1 Grimstad

**Kopi til:**
Landbruksavdelinga v/ Nils Kaalaas

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Solveig Vaage | Vassbygdvegen 1060 | 5956 | HUNDVIN |